

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Møre og R

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Drikk til maten til --

Bygdelag:

Oppskr. av: Sv. Lyngnes

Gard: Steinsvik o.f.l.

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. gransking.

B. Eller om den er etter andre heimelmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Nysilt (søt) mjølk er nok no omlag likt bruka som før. Men før bruka dei langt meir skuma mjølk, sur mjølk (skyr) og saup. Skuma mjølk og saup er no gått heilt ut i og med meieridrifta som tek den søte mjølka. Men alltid blir noko søt mjølk halde att til fersk bruk. I staden for mjølk i andre former enn søt har andre drykker kome til serleg då kaffi og te.

2. Rein mjølk som leskedrykk var langtfrå vanleg. Men hos alle hadde dei ei tunne med syreblende ståande. Det var leskedrykken. Her eit bygderim om

## Syreblende.

Syreblende. Ofte du for meg i hugen stende

Når eg svolten, tyrste, tenkje må som so:

Gjev eg berre hadde syreblende go'

Myse å drikke. Sidan vil eg meg om trantən slikke.

3. Slik drikke er lite i bruk no.

4. I 1890 åra vart det slutt med heimebrygginga. Slatte øl hadde dei alltid - elles berre til jul og festlege høve.

5. Kaffidrikkinga tok seg opp etter det vart slutt med ølet. Mest til høgtidene til å byrja med, men snart vart kaffien heilt vanleg.

7. Vanleg er kaffi til frukost og non( kl 16) vanleg no kalla "kaffi-tid" i st.f. det gamle non.

8. Det vanlege er malen kaffi i kokande vatn. Ein brukar ikkje noko i. Grutspāing er det lite av.

9. Litt raffinade attåt, aldri skikker i kaffien.

10. Fløyte i kaffien er vanleg, men egg har ein ikkje høyrt om.

11. Stundom te til kvelds og til gjestebods. Byrja samstundes

med bruk av kaffi. Då brukte dei også mjølk i teen, det er det no slutt med. Ærimoto vanleg med ei skive sitron.

12. Ein veit ikkje om at brennevin har vore noko sers bruka til kvardags. Ved dugnadsarbeid ein dram, ved kjøpskål men ikkje i onnetida.

13. Øl, selters og brus er ikkje nytta til kvardags. I det heile øl blir sjeldan kjøpt. Brus er barnedrikk som dei gjerne vil ha, men sjeldan får. Det som er blir brukt om sommaren. Elles aldri.